TELEMARK BONDELAG

Lokale Bondelag

| Vår sakshandsamar | Vår dato | Vår referanse |
|---|---|---|
| Bergit Li | 26.10.2011 | 10/00316-7 |
| 35 95 90 30 | Dykkar dato | Dykkar referanse |

# Innkalling til leiarmøte i Telemark Bondelag 2011

Leiarmøtet i Telemark Bondelag skal i år vere på Morgedal Hotell i Morgedal.
**Møtet startar tysdag 22. november kl. 10 og blir avslutta onsdag 23. november kl. 15.**

Program for møtet følgjer vedlagt. Frå Norges Bondelag kjem leiar Nils T. Bjørke og seniorrådgjevar Per Ole Ranberg, informasjonsavdelinga. Møtet vert også vitja av fleire andre, m.a. Lise Wiik, nye leiar i Hovudutval for næringsutvikling i fylkeskommunen, og rektor på Søve vgs., Terje Kristoffersen.

**Me ber om påmelding til fylkeskontoret seinast måndag 7. november.**
**E-post: telemark@bondelaget.no, tlf. 35 95 90 30, sms 97 54 18 42.**
**Hugs å meld frå om overnatting.**

Kvart lokallag må gjerne møte med inntil 3 representantar.
Kanskje de har nokon i laget som er nye nå, men aktuelle for å ta verv/oppgåver i åra som kjem? Da kan deltaking på leiarmøtet vere ein god måte å for desse å bli meir kjende med bondelagsarbeidet på. Uansett er det ein fordel for det vidare lagsarbeidet at fleire frå lokallaget har vore med på leiarmøtet.

Telemark Bondelag dekker reise og opphald for deltakarane.

Er det konkrete saker og spørsmål de ønskjer å ta opp på møtet, så meld gjerne frå på førehand til oss. Da kan innleiarane førebu seg på dette.

*Velkomne skal de vere!*

Med venleg helsing

Kjell A. Sølverød/s Åmund Johnsrud

Bondelagets Servicekontor AS

| Postadresse: | Besøksadresse: | Tlf: | | E-post: |
|---|---|---|---|---|
| Landbrukets hus, Bøvegen 271 | Landbrukets hus, Bøvegen 271 | 35 95 90 30 | | telemark@bondelaget.no |
| 3810 GVARV | 3810 GVARV | | | |
| Telemark Bondelag | Org.nr.: 939678670 | Bankkonto: | 2630.07.00526 | Internett: |
| Bondelagets Servicekontor AS | Org.nr.: 985063001 MVA | Bankkonto: | 8101.05.91392 | http://www.bondelaget.no/telemark/ |

| | | |
|---|---|---|
| **Telemark Bondelag** | **Program** | |
| | Vår dato | Revisjon | Vår referanse |
| | 12.10.2011 | | 10/00316-6 |

Utarbeidet av
Bergit Li / Amund Johnsrud

Til

Kopi til

# Telemark Bondelag – leiarmøte 22. og 23. november 2011

## *Program:*

**Tysdag 22. november:**

| | |
|---|---|
| kl. 10.00 | **Frammøte.** Kaffi og rundstykke |
| kl. 10.30 | **Vel møtt! Orientering og presentasjon.** Ved fylkesleiar Kjell A. Sølverød |
| kl. 11.00 | **Prioriterte næringspolitiske saker i Norges Bondelag** Sterkare prioritering av den aktive bonden? v/Nils T. Bjørke. Ordskifte |
| kl. 13.00 | Lunsj |
| kl. 14.00 | **Ny kommunikasjonsstrategi for Norges Bondelag**<br>Presentasjon v/Per Ole Ranberg, Infoavd., Norges Bondelag |
| Kl.14.50 | Pause |
| Kl. 15.00 | **Ny kommunikasjonsstrategi** held fram. M.a. Gruppearbeid, lokalt eksempel |
| kl. 16.00 | Kaffi |
| kl. 16.30 | **Aksjonsførebuingar framfor jordbruksforhandlingane 2012. Kor står vi, kva vil vi?** v/Fylkesstyret |
| kl. 17.15 | **Søve – ny giv** v/Rektor Terje Kristoffersen |
| kl. 18.00 | Slutt for i dag |
| kl. 19.00 | Middag |

| Vår dato | Revisjon | Vår referanse |
|---|---|---|
| 12.10.2011 | | 10/00316-6 |

**Onsdag 23. november**

| | |
|---|---|
| kl. 07.30 | Frukost |
| kl. 08.30 | **Arbeid med grunneigarspørsmål i Bondelaget** v/Harald Lie, Vestfold Bondelag<br>Gruppearbeid, diskusjon |
| kl.10.30 | Kaffi |
| kl. 11.00 | **Gjensidige, nytt og nyttig** v/Per Asbjørn Andvik |
| Kl. 11.30 | **Kurs, skulering** Tilbod i Bygdevis og Bondelaget.<br>**Verving** – viktig aktivitet i lokal- og fylkeslag v/Fylkesstyret, kontoret |
| kl. 12.00 | Lunsj |
| kl. 13.00 | **Aktuelle saker** i lokal- og fylkeslag |
| kl. 13.30 | **Tankar om landbruksplan for Telemark.** v/ Lise Wiik, leiar i Hovudutval for næringsutvikling, Telemark fylkeskommune.<br>**Handlingsprogram for bruk av BU-midlar 2012** v/Fylkesstyret |
| kl. 14.30 | **Oppsummering og kurskritikk** |
| kl. 15.00 | **Vel heim!** |

Det vert ordskifte og høve til spørsmål frå deltakarane på dei enkelte programpostar

Det kan bli mindre endringar i programmet